

ORDSKIFTE

«Rettsforvilling» fall ut

I omtalen av dei hemmelige tenestene etter krigen uttalte prest og historikar Berge Furre at vår etterkrigshistorie måtte skrivast om. – Enn dei «hemmelige» tenestene før, under og etter krigen som førte til eit landssvikoppgjør der titusenvis av nordmenn blei dømt arelause for å «ha bistått fienden i råd og dåd», og dermed blei tillagt eit medansvar for det grumset som følgjer ein krig.

Eg kan ikkje minnst eit einaste tilfelle der den tiltalte blei frifunnen fordi han kunne ha misforstått både situasjonen og lovverket, altså på grunn av trosskap, fåkunne eller rettsforvilling. Dersom tiltalte hadde vore eit vilt og kunnskapsrikt menneske, blei dommen skjerpa fordi at «dette burde tiltalte ha forstått».

Castberg er gløymt

I dei siste femti år har vi kvar 9. april fått den same versjonen om det tyske overfall på Norge. Kva vår fremste ekspert på folkerett, Frede Castberg, har sagt om slike overfall, er blitt «gløymt» av etterkrigens historikarar her i landet.

Som grunnbok for historiestudium ved universitetet fekk eg i 1967 utdelt eit to-bindsverk av den amerikanske historikaren R.R. Palmer: «A history of the modern world», nordisk utgåve «Nya tidens världshistoria», Stockholm 1965. Palmer har eit lang meir nysensert syn på årsaka til den andre verdenskrigen. Her eit klipp frå kapitlet «Freden i Paris i 1919»: der franskmennene sette fram slike harde krav om å få tysk landområde redusert, at Wilson og Lloyd George peikte på at ein slik provokasjon kunne føre til ein ny krig.

«Kvar ny stat fann at det budde minoritetar innanfor deira grenser, eller kunne vise til at folk av deira eigen ætt budde i tilgrensande statar under framand styre. Det blei til slutt sudetyskaranes klager om å vera ein undertrykt minoritet, og Tysklands propaganda for å sameine desse fraskilde bror med fosterlandet, som utløyste den andre verdskrigen.»

Om sigerherrane skriv Pal-

YTRING

mer i eit seinare kapittel mellom anna:

«Dei leid òg av eit anna dilemma: Etter sjølv prinsippet om nasjonal sjølvraderett, som blei akseptert av sigerherrane etter første verdskrigen, hadde Tyskland rett til alt landet hittil hadde bedt om. Når Hitler let tyske troppar toge inn i Rhinland, når han annekterte Austerrike, hissa opp Danzig, tok seg av tyskarane i Böhmen, då hadde han berre hevda tyskaranes rett til ein suveren stat.»

Freden i Versailles førte mellom anna til at eit tysk landområde jamstort med Norge blei gitt til det nye Polen og skilt frå moderlandet med Den polske korridor. Tyskland søkte om å få bygge ein autostrada over korridoren til Aust-Preussen, men etter samråd med den britiske regjeringa blei søknaden avvist. Den 30. august mobiliserte Polen, den 1. september rykte tyske troppar over grensa, og den 3. samme månad erklærte England og Frankrike Tyskland krig. Den andre verdskrigen var eit faktum, og dermed var det krigens lover som overtok jussen anten vi liker det eller ei.

Nøytralt

Særlig under ein krig mellom industrimakter er behovet for jernmal stort. Det var difor like viktig for den eine parten å sikre landet god tilførsel av malm som for den andre å hindre ein slik tilførsel, i dette tilfellet svenskmalmen over Narvika langs den lange nor-skekysten.

Den 16. februar 1940 borda den britiske «Cossak» den tyske «Altmark» langt inne i Jøssingfjorden medan den norske marinen hadde fått ordre frå si eiga regjering om ikkje å gripe inn. Om denne forma for nøytralitet seier prof. dr. jur. Frede Castberg i boka «Folkerett» at det er «en likefrem premiering av volds mannen. Derfor må den nøytrale stat som velger å bøye seg for overmakten, visstnok finne seg i at nøytralitetskenkenens motpart, om nødvendig, tar kampen opp på den nøytrale stats eget territorium.»

8. april 1940 var både tyske og britiske landgangstroppar på veg til Norge, noe som den norske regjeringa måtte vera klar over. For å hindre tyske stridskrefter i «å ta kampen opp på den nøytrale stats eget territorium», blei alle fyrkyrter mellom svenskengrensa og Marsteinen sløkte, medan fyrlyktene nordanfor viste veg som før mellom anna til Narvik. Då britane fekk greie på at òg tyske skip var på veg til Norge, blei deira eigne landgangsstyrkar kasta på land i hui og hast, for no rekna dei med å få ein ny alliert i krigen, den norske heimefronten. Men staten Norge blei det ingen allianse med, som Kohrt skriv i erindringsboka si, «For fred og fridom i krigstid»: «Ho (regjeringa) heldt fast på den tanken at Noreg ikkje var sambunde med noko anna land».

Nazist?

Våren 1940 arbeide eg i ein lærarpost på yttersida i Vesterålen, og etter den tyske landgang blei eg straks med i eit vaktmannskap som sendte meldingar til Harstad om skipstrafikken ute i skipsleia. Vi gledde oss kvar dag over radioen som meldte om norske sigar på alle frontar. Ein dag førte Altmarksaka til misstemning i den vesle flokken, for då dei andre samstemte i ein hyllest til Cossak som så tappert hadde redda dei britiske fangane, kom eg til å nemne at når det aldri hadde vore ulovlig å ta fanger i ein krig, kunne det heller ikkje vera ulovlig å føre dei til ein fangeleir. Skulle tyskarane heller ha hivd fangane på havet? Dermed small det: «Er du blitt nazist!» Så lett kan det gå å bli både stempla og utstytt.

Då vi så blei truga av drivminer heilt inn til skolestoa, søkte eg og fekk meg ny post i Trøndelag. Ei lita lærarjord med fjøs og eit hønsheus fulgte med, så vi skaffa oss ku og noen høns, og då vi fekk kraftfor ved å levere egg til samvirkelaget, var eg ein dag på veg med egg. På vegen møtte eg ein ivrig jøssing. Han gløtta bort på eggkorga mi og sa så spydig: «Så, du lever' egg til tyskarane, sjer eg!» – Det var hans syn på oss som prøvde å halde hjula i gang i dei harde krigs-åra.

«Elverumsfullmakta»

Når det gjeld «bistand til fienden i råd og dåd», er det særlig to aktstykker som er aktuelle, kapitulasjonsavtalen og den såkalla Elverumsfullmakta som eksilregjeringa og aktoratet konsekvent har hevda blei vedtatt «enstemmig». Men uttrykket «enstemmig» gjeld den første delen av denne fullmakta, dvs. val av fullmakt til tre medlemmer som skulle forhandle med tyskarane om overgiving, og vedtak om at regjeringa skulle bli supplert med tre konsultative statsråder. Dette «enstemmig» er så blitt putta inn i det andre framlegget, som heilt til i dag er blitt kalla Elverumsfullmakta.

Her noen klipp frå dette andre framlegget, sitert ifrå heftet «Landssvik» av professor i rettsvitenskap, Jon Skeie:

Professor Hambro: «– Det er en given ting at når stortinget har vedtatt disse viktige avgjørelser, er det umulig for stortinget å føre en ambulerende tilværelse i denne overordentlige usikre tid. Det vil derfor, forekommer det meg, være naturlig at stortinget gir regjeringen en generell fullmakt til, inntil det tidspunkt kommer da presidentskapet i overensstemmelse med regjeringen innkaller stortinget til møte igjen, å ivareta rikets anliggende, med stortingets fullmakt til å treffe de nødvendige avgjørelser og beføyelser.»

«Presidenten har altså foreslått at stortinget bemyndiger regjeringen til, inntil det tidspunkt kommer da regjeringen og stortingets presidentskap innkaller stortinget til neste ordinære møte, å ivareta rikets interesser og treffe de avgjørelser og beføyelser på stortingets og regjeringens vegne, som må anses for påkrevd av hensyn til landets sikkerhet og fremtid.»

Skeies kommentar: «Selv om stortinget ved en lovformelig votering klart hadde tilkjennegitt at kongen skulle ha en ubegrenset lovgivningsmyndighet, ville en sådan beslutning ikke ha noen rettsgyldighet. Stortinget kan ikke på denne måten oppheve grunnlovens paragraf 17 og det prinsippale i konstitusjonens maktfordeling.»

Då presidenten fekk motlegg, forklarte han denne fullmakta slik:

«Stortinget bekrefter alene ved sin beslutning den generelle adgang til å gi provisoriske anordninger – Til dette svarte representanten Ingvald Førre mellom anna: «Hvis regjeringen har den fullmakt, behøver den ikke en ny.» Etter dette ba ikkje stortingspresidenten om avrøysting, og eit framlegg som blir motlagt, kan jo ikkje bli vedtatt utan avrøysting, og slett ikkje «enstemmig».

«Omskrevet»

I ein artikkel i Andøva Avis 14. august 1959 skriv Ingvald Førre om denne Elverumsfullmakta, og nemner at «noen votering blev ikke foretatt». Om referatet i Stortingstidende av møtet på Elverum avsluttar han artikkelen sin slik: «– jeg skrev til en stortingsmann og bad ham besøge meg tilsendt Stortingstidende, den del som angikk Elverumsnotet. Og jeg fikk noe som liknet disse bladene. Men til min store forbauselse ser jeg at referatet er omskrevet. Mine uttalelser er omskrevet og forkortet. Og så heter det, at da der ikke fremkom innsigelser, anses herr Hambros forslag som vedtatt. Imidlertid står det fast, at det virkelige Stortingstidende (hvis det da ikke er omskrevet siden) inneholder intet om at der er foretatt noen votering.» – Elles må det vera innlysende at den førnemnde generelle adgang ikkje gir lovlig rett til å gi provisoriske anordningar som er i strid med Grunnloven, slik som «lover» med tilbakeverkande kraft, jf. Landssvikanordningen frå 1944.

Total kapitulasjon

Den 10. juni 1940 gir regjeringa general Ruge ordre om å kapitulere for overmakta, måtte godta ein kapitulasjonsavtale for samtlige (gesamten) norske stridskrefter, så vel som at Norge måtte forplikte seg til ikkje å gripe til våpen mot Tyskland så lenge krigen varte. Men i saka mot Ragnar Schanke hevda Roscher Nielsen at kapitulasjonsavtalen gjaldt berre dei samla norske styrkane i Nordarmeen, så staten Norge hadde halde fram med krigen på andre frontar,

meinte dette aktoratvitnet.

Dei fremste mennene i denne saka, statsrådene Nygaardsvold, Kohrt og Ljungberg blei ført som vitne av aktoratet og hevda mellom anna at dei ikkje hadde sett kapitulasjonsdokumentet. S– Når forsvararen kunne legge fram ein kopi av dette viktige dokumentet, med herrane si påskrift, viser denne nektinga etter mitt skjønn at dei både hadde sett dokumentet og forstått innhaldet, at **gesamten** stod for samtlige norske stridskrefter over heile landet, at kapitulasjonen var total. Elles kunne ikkje desse tre herrane ha unngått å konstatere at ingen av dei nordmennene som hadde meldt seg til frivillig militær innsats, gikk i norske uniformer.

Mangelvare

Det gikk over femti år etter freden i Versailles for det norske universitetet godtok ei grunnbok i historie av ein historikar som hadde eit meir nysensert syn på årsakene til den andre verdskrigen og Hitler-Tysklands åtak på Polen. Slike historikarar har vore mangelvare her i landet. Men ein seriøs stat som Norge hevda å vera, kan ikkje i lengda halde fram med kvar vår å jubilere over eit rettsoppgjør som prof. dr. jur. Jon Skeie vurderte slik i heftet «Landsvik»: «Vi har aldri i vår rettshistorie hatt en sådan rettsløsheit.» Sigerherrane har alltid fått samtykkande historikarar over på si side for å vurdere kva som skal koma fram og kva som må dekkast til, såkalla hemmelige tenester som dekkar over gjort urett ved å halde fram med å gjera urett.

Den mest geniale juristbløffen ved landssvikoppgjret er at då medlemskap i NS ikkje var straffbart etter straffelovens paragraf 86, latta dei ei anordning som blei sagt å vera så myke mildare enn straffeloven at den endåtti kunne få tilbakeverkande kraft. Den var så tettmaska at den soppa med seg endåtti dei som berre hadde hatt eit radioapparat under krigen. Og historikarane våre sa ja og amen, og har hittil kunna gle seg over kvar ny jubileumsår. Det var blitt fred, varig fred.

Olav Steinøygaard,
Saupstad

DAG OG TID

PILESTREDET 8
0180 OSLO

TELEFON: 22 33 00 97
FAKS: 22 41 42 10

DET NYNORSKE ELEKTRONISKE
SPRÅKPROGRAMMET

Spesialprogram for å setje om bokmålstekstar til nynorsk. Profesjonelle omsetjarar oppnår høgare produktivitet. Vanlege brukarar kvalitetssikrar språket sitt på ein heilt ny måte.

NYNO for Windows

Pris for einbrukar kr 5500,- + m.v.a.